

Til: Partane i saka**Arkivkode**
M30**Vår ref.**
09/639 - Aaker**Dykkar ref.****Dato**
23.03.2011**MELDING OM VEDTAK –
FRAMTIDIG AVLAUPSLØYSING FOR SANGEFJELL - PRINSIPPHANDSAMING**

Frå møte i Kommunestyret den 17.03.2011, saksnr 11/11.

Nedanfor følgjer utskrift av vedtaket:

Vedtak:

Forureiningslovas §11 fjerde ledd tilrår at forureiningsspørsmål vert løyst for eit større område under eitt på grunnlag av oversiktsplanar og reguleringsplanar. Med bakgrunn i forprosjektrapporten ”Kostnadsvurdering av ledningsanlegg for tilknyting av hytter på Sangefjell til Ål renseanlegg,” datert 13.2.2009, kartlegging av avlaupstilhøva og drøftingar med og innspel frå velforeningar og utbyggjarar gjer Ål kommunestyre følgjande prinsippvedtak om framtidige avlaupsløysingar for Sangefjell:

1. Eksisterande og framtidige hytter med innlagt vatn i Sangefjell 1,2 og 3 (område 1-3 i forprosjektrapporten) skal tilkoplast felles fullverdig renseanlegg for sanitært avlaupsvatn (både grå og svartvatn) innan 1. september 2016. Nye utsleppsløyve i desse områda skal frå og med dags dato berre innvilgast mellombels med vilkår om pliktig tilkopling til framtidig felles fullverdig renseanlegg innan 1. september 2016.
2. Anlegget må tilfredsstille krava i forureiningsforskrifta kap.13. Anlegget må byggast på ein måte som gjer det mogleg å utvide kapasiteten til å kunne ta i mot sanitært avlaupsvatn (både grå og svartvatn) frå nytt hyttefelt avsett i arealdeleien av kommuneplanen for Ål (område 6 i forprosjektrapporten) og eventuelle nye hytter i framtida.
3. Ål kommunestyret skal seinast i løpet av september i år gjera vedtak som tilbyr hyttene i område 1, 2 og 3 tilkopling til kommunal kloakkledning til ein fast pris.
Hytteigarane på Sangefjell 1, 2 og 3 og grunneigarar i område 6 kan så i samarbeid innan ein frist fastsett av kommunestyret i september avgjera om dei vil takke ja til tilbodet frå kommunen, eller om dei vil byggja sitt eige private fullverdige renseanlegg.
Det er Ål kommune som skal handsame søknaden om utsleppsløyve for eit eventuelt privat renseanlegg. I dette tilfellet gjeld vilkåra i pkt 1 og 2.
4. Velforeiningane kan allereie no starte planlegging og bygging av naudsynt internt ledningsnett for område 1-3 nord og aust for pumpestasjon merka PST R1 på kart datert 13.2.2009. Ledningsnettet må byggast i samsvar med kommunal standard, jf gjeldande sanitærreglement for Ål kommune.
5. Eksisterande og framtidige hytter med innlagt vatn i områda Turrhaug/Nystølen og innover mot vasskiljet til Rødungen sør (område 4-5 i forprosjektrapporten) skal innan år 2030 vurderast tilkopla felles fullverdig renseanlegg for sanitært avlaupsvatn (både grå og svartvatn). Anlegget må tilfredsstille gjeldande krav.
Nye utsleppsløyve i desse områda skal frå og med dags dato berre innvilgast med vilkår om pliktig tilkopling til eventuelt framtidig felles fullverdig renseanlegg.
6. Rådmannen får delegert mynde til å gjera naudsynte vedtak etter plan- og bygningslova og forureiningslova for å sikre heimel til å krevja felles avlaupsløysing og pålegge hytter med innlagt vatn tilkopling til felles fullverdig avlaupsanlegg. Dette inneber vedtak om mellombels bygge- og deleforbod, varsel om oppstart av planarbeid, vedtak om å legge ut framlegg til områdereguleringsplan på offentleg høyring og delegert mynde til å gjera vedtak om pliktig tilkopling. Områdereguleringsplanen skal vise avgrensing av område for felles avlaupsløysing inndelt i soner etter tidspunkt for pliktig tilkopling.
7. Ål kommunestyre stadfestar prinsippvedtaket om at godkjenning av sanitært avlaupsvatn til tett tank berre unntaksvis kan godkjennast som mellombels løysing på dei vilkår som går fram av vedtak i teknisk hovudutval THU-sak 15/03.

Med helsing
Reidun Aaker (sign)
Avd.leiar